Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: Vår dato: 04.04.2018
Vår ref.: Vår ref.: 201301429-40
Arkiv: Arkiv: 313
Deres dato: Dykkar dato:
Deres ref.: Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

# Høyring av endringssøknad for leidningstrase og pumpestasjon ved Tykkhellervatnet i Lindås kommune

NVE har motteke ein søknad frå Lindås kommune, datert 19.2.2018 som gjeld endring av leidningstrase og plassering av pumpestasjon ved Tykkhellervatnet i Lindås kommune.

Lindås kommune fekk 12.1.2015 løyve til uttak av vatn og regulering av fire vatn. Vatnet skal brukast som industrivassforsyning til Mongstad. Vedtaket vart påklaga, men OED stadfesta NVE sitt vedtak den 8.3.2016. Etter detaljplanlegging av prosjektet vil Lindås kommune no søke om å endre leidningstraseen og plasseringa av pumpestasjonen ved Tykkhellervatnet.

Det er også søkt etter oreigningslova om ekspropriasjon av nødvendige rettar.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. På grunn av det avgrensa omfanget vert ikkje saka kunngjort lokalt. Den vert sendt til alle som har uttalt seg til den opphavlege søknaden. NVE ber i tillegg kommunen om å sørge for at alle aktuelle grunneigarar blir varsla om høyringa. Søknaden med vedlegg er lagt ved dette brevet, den blir også lagt ut på nve@nve.no.

Uttalar kan sendast så snart som råd og seinast innan **25.4.2018**, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Vi minner om at høyringsuttalar i utgangspunktet er offentlege dokument, som vil bli gjort tilgjengelege gjennom vår postjournal.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Søknad frå Lindås kommune

Mottakerliste:

Elin H. Fanebust
Fylkesmannen i Hordaland
Grunneiere ved Tykkhellevatn v/Ottar Rosnes
Hordaland fylkeskommune
Ingvar Skauge
Linda Blomberg og Stein Ove Natland
Mattilsynet
Miljødirektoratet
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland
Statens Vegvesen - region vest
Trond Hogne Fjellanger

Kopi til:

Advokat (H) Endre Grande
Advokatfirmaet Harris DA
John Bauge
Lindås kommune